



# Landbruksplan ÅLA 2018-2021



***Felles landbrukskontor ÅLA***

***Godkjend***

*Årdal kommunestyre: 27.9.2018 KS-047/18*

*Lærdal kommunestyre: 19.9.2018 KS-057/18*

*Aurland kommunestyre: 13.9.2018 KS-071/18 og 1.11.2018 KS-082/18*

***Framsidedfoto:***

*Sau på beite i Naddvik, Årdal kommune. Foto Magnhild Aspevik*

*Foto i dokumentet er eigd av Felles Landbrukskontor ÅLA der ikkje anna er oppgjeve.*

## Samandrag

Formålet med planen er å setje fokus på landbruket som næring i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

Målet er at tiltak og verkemiddelbruk i *Landbruksplan ÅLA 2018 – 2021*, skal bidra til positiv framtidig utvikling i landbruksnæringa i dei tre kommunane.

### Aktuelle planar og reglar

Det er gjort ein gjennomgang av dei mest sentrale ordningar for landbruket, der både lokale, regionale og nasjonale planar, lover og reglar er tekne med.

### Om landbruket i ÅLA

Her vert generelle utviklingstrekk i landbruket med tal som syner utvikling for dei tre kommunane, for fylke og for landet, omtala. Særeigene forhold som påverkar landbruket i kvar av dei tre kommunane har eigen omtale.

### Situasjonsanalyse

Analysen kartlegg styrker og svakheiter, mulegheiter og truslar i næringa. Resultatet av analysen dannar grunnlag for å peike ut overordna mål, mål for grøntnæringa, mål for husdyrhaldet og mål for tilleggsnæringar.

### Prioriterte satsingsområde – verkemiddelbruk

Her fylgjer eit samordna oppsett over prioriterte tiltak som kommunane kan gje støtte til, tilskotssatsar og vilkår for tildeling av tilskot. Mange ulike tiltak kan støttast.



*Flåm*

## **Innhold**

Samandrag .....	2
1. Innleiing .....	4
1.1.Bakgrunn .....	4
1.2.Formål.....	4
1.3.Prosess .....	4
2. Aktuelle planar og reglar .....	5
2.1.Lokale planar og regelverk .....	5
2.2 Regionale og nasjonale planar og regelverk.....	5
3. Om landbruket i ÅLA .....	7
3.1 Generelle utviklingstrekk i landbruket .....	7
3.2 Husdyrhaldet.....	9
3.3 Skogbruksressursar .....	11
3.4 Utmarksressursar .....	11
3.5 Økologisk landbruk .....	12
3.6 Spesielle utviklingstrekk.....	12
Årdal .....	12
Lærdal .....	13
Lærdal Grønt SA .....	13
Aurland .....	15
4. Situasjonsanalyse .....	16
4.1 SWOT-analyse.....	16
4.2 Resultat .....	16
Samandrag .....	16
Styrkar .....	16
Svakheiter .....	17
Mogelegheiter.....	17
Truslar.....	17
5. Mål for landbruket.....	19
6. Prioriterte satsingsområde – verkemiddelbruk.....	20
7. Handlingsplan for Felles Landbrukskontor ÅLA.....	22

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn

Mandat for utarbeiding av Landbruksplan for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland (ÅLA) er gjeve i kvar av dei tre respektive kommunane i sakene:

For Årdal FS- 138/17

For Lærdal FS-189/17

For Aurland FS-100/17

Den nye planen som blir lagt fram for godkjenning avløyser Lærdal kommune sin «Tiltaksplan for landbruk 2014-2017» godkjend i Lærdal kommunestyre 8.mai 2014. Denne planen har vore retningsgjevande for Lærdal kommune sitt arbeid med å leggje til rette for, og koordinere tiltak for å utnytte det lokale og regionale handlingsrommet for landbruket i Lærdal. I praksis har planen vore delvis gjeldande for kommunane Årdal og Aurland, då desse kommunane har felles landbruksforvaltning gjennom Felles landbrukskontor ÅLA.

Denne planen er ein felles landbruksplan, som skal gjelde for dei tre ÅLA-kommunane med tilpassingar til lokale forhold.

Landbruksplan ÅLA skal gjelda for tidsrommet 2018-2021.

## 1.2. Formål

*Landbruksplan ÅLA 2018 – 2021* har som formål å setja fokus på landbruket sin plass i kommunane framover i tid. Planen skal stimulera til utvikling og vekst ved å auka fokuset på verkemiddel som er viktige for å ivareta dei etablerte tradisjonelle produksjonane.

Samstundes som det blir opna for å stimulere til satsing innan nye produksjonar og tiltak gjennom det kommunale verkemiddelapparatet. Det er eit mål at landbruket som næring blir likestilt med anna kommunal næringsverksemd i forhold til økonomiske verkemiddel. Dette er viktig for å styrke eit mangfald i næringa og gjere den lokale landbruksnæringa meir robust.

Det har vore viktig å involvere representantar frå næringa sjølv i dette arbeidet, slik at planen får den forankringa som er avgjerande for å sikre at måla i planen er oppnåelege. Planarbeidet i seg sjølv får ein tilleggsverdi, ved at representantar for næringa og organisasjonane har engasjert seg i arbeidet med planen.

## 1.3. Prosess

Felles landbrukskontor ÅLA og Lærdal Næringsutvikling AS har i samarbeid hatt ansvaret for planarbeidet. Næringa er representert gjennom dei ulike organisasjonane i kvar av dei tre kommunane med representantar frå Bondelaga, Sau- og geit, Produsentlaga, Bestandsplanområde, Skog i Sogn og Lærdal Grønt. Det er avhelde 2 arbeidsmøte. Plandokumentet er vorte utforma med stor grad av medverknad frå næringa.

## 2. Aktuelle planar og reglar

### 2.1. Lokale planar og regelverk

Dei tre kommunane har ulike lokale støtteordningar til tiltak på landbrukseigedomar. I tillegg kjem lokale planar, regionale og nasjonale planar og føringar.

Landbruksplan for ÅLA-kommunane skal vere eit dokument som samordnar bruk av lokale verkemiddel, so langt det let seg gjere.

Kommunane har eigne lokale verkemiddel mellom anna innanfor viltfond, fiskefond, konsesjonsavgiftsfond og næringsfond.

#### Årdal

Årdal kommune har eit regelverk for landbruksfondet oppretta etter pkt. 22 i konsesjonsvilkår for A/S Årdal Verk, gjeven ved kongeleg res. 14. juli 1950. Årdal har òg eit regelverk for kommunalt tilskot til landbruket i Årdal, vedteke i Sak 38/93 i Kommunestyret.

#### Lærdal

Lærdal kommune har *Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern*, godkjend i Kommunestyret 12.02.2009. Plandokumentet har kartlagt landbruksressursar med innteikna kjerneområde landbruk og kulturlandskap, og ligg til grunn for utvikling av landbruket i Lærdal.

Gjeldande tiltaksplan for landbruket i Lærdal skal vere i tråd med Lærdal kommune sin næringsplan og vedtekter for Lærdal kommune sitt nærings- og konsesjonsavgiftsfond. Utviklingsplan for omstilling i Lærdal kommune legg òg premissar for utvikling av landbruket. Omstillingsarbeidet vert avslutta i 2018.

#### Aurland

Aurland kommune har kommunedelplan for næring 2014-2025, vedteken 19.06.2014. Ein av dei langsiktige strategiane i planen er «Framtidsretta omstilling i landbruket: Utnytte lokal kompetanse og naturkvalitetane til nyskaping og styrking av landbruksrelaterte næringar.»

Kommunen rullerer årleg Handlingsprogram Næring (HP-næring). I dette handlingsprogrammet blir det vist til eige handlingsprogram for landbruk i ÅLA-kommunane.

Aurland har *Reglar for bruk av Konsesjonsavgiftsfondet* godkjent av Kommunestyret (sist revidert av kommunestyret 26.04.07 KS 051/07). Det er i HP-næring 2018 lagt opp til utarbeiding nye vedtekter og reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet.

### 2.2 Regionale og nasjonale planar og regelverk

Nasjonale og overordna føringar ligg i stor grad til grunn for utvikling og drift av landbruket i heile landet. Mange ulike lover og ordningar spelar inn her og vil påverke situasjonen for landbruksnæringa generelt. Her kan nemnast:

Stortingsmelding – *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*

Meld.St. 11 (2016-2017) godkjend av regjeringa Solberg 9.12.2016. Her heiter det mellom anna:

*«Verdikjeden i norsk jordbruk må i større grad tilpasse seg sterkere konkurranse i fremtiden: En effektiv næring som leverer det forbrukerne etterspør og som tar inn over seg et stadig mer krevende internasjonalt marked. Dette er en forutsetning for bærekraftig og økt norsk matproduksjon og for at det fremdeles kan være et mangfoldig jordbruk over hele landet. Norsk jordbruk har mange konkurransefortrinn og har et godt utgangspunkt for produksjon av konkurransedyktige kvalitetsprodukter. Det krever et fremtidsrettet jordbruk som er mindre politisk styrt og mer forbruker- og markedsrettet. Enklere virkemiddelstruktur med forenkling av ordninger, færre offentlige inngrep i næringsdriften, økt konkurranse gjennom endringer i markedsbalanseringen og mer markedsretting av produksjonen, er sentralt i regjeringens jordbrukspolitikk»*

**Andre ordningar, lover og regelverk som legg føringar for landbruket er m.a.:**

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin jordvernstrategi
- Strategi for landbruksrelatert næring og bygdeutvikling i Sogn og Fjordane gjennom IBU-strategien
- Jordbruksoppgjeret
- Eit omfattande lovverk med mellom anna: *Jordlova, Konesjonslova, Skogbrukslova, Forureiningslova, Viltlova, Motorferdslelova og Naturmangfaldlova*
- Ulike tilskotsordningar: produksjonstilskot, velferdsordningar innan næringa, SMIL og NMSK –midlar, Regionale miljømidlar, tilskot til organisert beitebruk/tiltak i beiteområde, tilskot til drenering
- Støtte frå Innovasjon Norge



*Aurlandsfjorden og Øvste Stegen*

### 3. Om landbruket i ÅLA

#### 3.1 Generelle utviklingstrekk i landbruket

Utviklingstrenden i landbruket i ÅLA-kommunane, er som i resten av landet, færre og større driftseiningar. Nedgangen dei siste åra er ikkje stor, men merkbar. Bruk med husdyrhald går attende, men samla jordbruksareal i drift er i stor grad oppretthalde.

PT-910 JORDBRUKSAREAL I DRIFT OG ANTAL SØKJARAR PR. 31.7										
	2010		2013		2016		Endring 2010-2016			
	areal i dekar	tal søkjarar	areal i dekar	tal søkjarar	areal i dekar	tal søkjarar	tal endring daa	tal endring søkjara	%-vis endring daa	%-vis endring søkjarar
<b>Landet</b>	10.019.349	45.730	9.839.699	42.923	9.803.052	40.377	-216.297	-5.353	-2,1	-11,7
<b>Sogn og fjordane</b>	446.946	3.262	429.111	3.063	425.088	2.909	-21858	-353	-4,8	-10,8
<b>Årdal</b>	1.194	11	1.050	10	1.068	10	-126	-1	-10,5	-9
<b>Lærdal</b>	12.703	106	12.731	100	12.664	96	-67	-10	-0,5	-9,4
<b>Aurland</b>	7.572	68	7.308	62	7.128	60	-444	-8	-5,9	-11,8

Dei tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har varierende landbruk. Årdal er den minste landbrukskommunen, her er det nokre aktive sauebruk. I Lærdal er grøntnæringa sterk, i tillegg til eit aktivt husdyrhald. I Aurland er det småfehald med sau og geit som er dominerande.





Skaim

Topografien i kommunane er varierende. Det er tronge dalar med store høgfjellsplatå og fjellvidder. I dalane er det gode lokalklimatiske forhold til å driva med jordbruksproduksjon. Fjellsidene og fjellviddene har fantastiske beiteforhald til beitedyr. Det ligg soleis godt til rette for å produsera mat i desse tre kommunane.

Jordbrukslandskapet syner òg at naturressursane har vore utnytta i mange generasjonar. Funn av kulturminne og element i jordbruket sitt kulturlandskap, har mange prov på det.

Alle tre kommunane har verneområde med nasjonalt viktige natur- og kulturmiljø. Store areal i kommunane er underlagt verneforskrift. Dette gjeld fylgjande område:

Bleia naturreservat, Bleia og Storebotn landskapsvernområde, Hallingskarvet

nasjonalpark, Grånosmyrane naturreservat, Jotunheimen nasjonalpark, Kvitingsmorki naturreservat, Norheimsdalen naturreservat, Nærøyfjorden landskapsvernområde og Utladalen landskapsvernområde. Nokre av desse verneområda er og ein del av UNESCO-område Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden.

***Landbruksnæringa i dei tre kommunane er grunnlaget for å oppretthalde eit levande jordbrukslandskap, liv i bygdene og lokalsamfunnet. Landbruket produserer mat samstundes som det opprettheld det vakre jordbrukslandskapet som både er viktig for dei som bur her, for næringslivet og for dei som kjem på besøk til oss.***



Otternes

## 3.2 Husdyrhaldet

Tal henta frå søknader om produksjonstillegg i jordbruket (landbruksdirektoratet) syner utviklinga innan husdyrhaldet i dei tre kommunane.

<b>PT-900 MJØLKEPRODUKSJON KYR PR.31.07:</b>										
	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% endring 2010-2016	
	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr
<b>Sogn og Fjordane</b>	813	14843	918	15207	1075	16043	-262	+1200	-24,4	+8,1
<b>Lærdal</b>	13	179	13	192	11	192	-2	+13	-15,4	+7,3
<b>Aurland</b>	5	56	4	42	4	44	-1	-12	-20	-21,4

Årdal har ikkje registrert produksjon i denne kategorien

<b>PT-900 MJØLKEPRODUKSJON GEIT PR.31.07:</b>										
	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% endring 2010-2016	
	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit
<b>Sogn og Fjordane</b>	65	6273	47	4774	53	5893	-12	-380	-18,5	-6,1
<b>Lærdal</b>	1	138	1	149	2	215	+1	+77	+100	+55,8
<b>Aurland</b>	13	1225	12	1212	12	1322	-1	+97	-7,7	+7,9

Årdal har ikkje registrert produksjon i denne kategorien

<b>PT-900 TAL SØYER PR.31.07:</b>										
	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% endring 2010-2016	
	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer
<b>Sogn og Fjordane</b>	1690	76884	1570	71759	1564	76683	-126	-201	-7,5	-0,26
<b>Årdal</b>	7	607	7	618	7	606		-1		-0,16
<b>Lærdal</b>	56	3316	54	3353	53	3361	-3	+45	-5,4	+1,38
<b>Aurland</b>	45	2239	40	2023	39	2004	-6	-235	-13,3	-10,5

<b>PT-900 TAL LAM PR.31.07:</b>										
	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% endring 2010-2016	
	TAL BRUK	TAL Lam	TAL BRUK	TAL Lam	TAL BRUK	TAL Lam	TAL BRUK	TAL Lam	TAL BRUK	TAL Lam
<b>Sogn og Fjordane</b>		119248		115327		124566		+5318		+4,5
<b>Årdal</b>		1179		1246		1159		-20		-1,7
<b>Lærdal</b>		6191		6351		6532		+341		+5,5
<b>Aurland</b>		3875		3537		3695		-180		-4,6



PRODUSERT LITER MJØLK										
	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% endring 2010-2016	
	Kyr	Geit	Kyr	Geit	Kyr	Geit	Kyr	Geit	Kyr	Geit
LÆRDAL	1206589	103536	1246116	127715	1301499	165648	+94910	+62112	+7,8	+60
AURLAND	312752	747818	211775	679698	241601	742552	-71151	-5266	-22,7	-0,7

Kjelde: Landbruksdirektoratet 11.12.2015

### 3.3 Skogbruksressursar



Valbjørkfelt i Seimsdalen

Skogen i dei tre kommunane er ein viktig ressurs som i dag vert lite utnytta. Den mest verdfulle skogen ligg vanskeleg tilgjengeleg i bratt terreng utan vegtilkomst. Statlege og kommunale midlar kan her bidra til bygging av veg, slik at nye skogområde kan gjerast økonomisk drivverdige.

Fleire landbrukseigedomar har både lauv- og barskogressursar av høg verdi, som kan utnyttast for å skapa inntekt på eigedomen.

Furuskogen i Indre Sogn er og kjent for sin høge kvalitet. Dei viktigaste områda er i Indre- og Ytre Offerdal i Årdal kommune, Frønningen, Strendene i Lærdal kommune, og Vikeslandområde i Aurland kommune.

Kommunane har verna barskogreservat: Kvitismorki Naturreservat (FOR-1999-12-17-1461) i Årdal og Norheimsdalen Naturreservat (FOR-1999-12-17-1456) i Aurland.

Dei snøfattige områda i kommunane er godt eigna til produksjon av ulike lauvtreslag. Denne produksjonen kan kombinerast med husdyrbeite.

### 3.4 Utmarksressursar

Kommunane har store utmarksareal som er godt eigna for jakt og fiske. Det er mange elvar og fiskevatn, både i privat eiga og i statsallmenningar. Hjortebestanden er aukande, og det er innslag av både elg og rådyr. Alle desse tre hjortedyra er jaktbare ressursar som kan utnyttast av grunneigar for å auka næringsgrunnlag på landbrukseigedomane. Tabellen under syner utvikling i felte dyr under ordinær jakt. Statistikken syner auke i uttak. Auken er spesielt stor i 2017.

	FELTE DYR 2012		FELTE DYR 2015		FELTE DYR 2017	
	Elg	Hjort	Elg	Hjort	Elg	Hjort
Årdal	4	109	3	115	4	177
Lærdal	4	316	0	355	9	785
Aurland	5	157	0	163	10	234
<b>Samla</b>	<b>13</b>	<b>582</b>	<b>3</b>	<b>633</b>	<b>23</b>	<b>1196</b>

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

Regulering av hjortebestanden er eit kommunalt ansvar som vert styrt av godkjende bestandsplanar og forskrifter for minsteareal. Viltfondet har midlar som kan bidra til tiltak som styrkar forvaltning av hjorteviltbestanden.

Fiskeressursane i dei tre kommunane er betydeleg, med fiske av både anadrom laksefisk og anna fisk i elvar og fjellvatn. Dette er ressursar som kan utnyttast for å skapa næringsgrunnlag på landbrukseigedomane. Ulike tiltak og aktivitetar bidreg her positivt til å sikre god framtidig forvaltning av fiskebestandane.

Utmarksområda i kommunane har rikeleg med beiteområde for husdyr. For å synleggjere denne ressursen, er viktige beiteområde i kommunane registrert i eige prosjekt.

### 3.5 Økologisk landbruk

Det er nokre bruk som driv økologisk. Tal henta frå søknad om produksjonstillegg syner at det er 10 bruk som driv økologisk i Aurland, og 5 bruk som driv økologisk i Lærdal. Årdal har ingen bruk som driv økologisk.

Sogn Jord og Hagebruksskule underviser i økologisk landbruk, og gardsdrifta her er økologisk. Dette er eit grunnlag for god lokal kompetanse innan økologisk landbruk.

### 3.6 Spesielle utviklingstrekk

#### Årdal

Utvikling av industrien i Årdal, har ført til at landbruket har måtta vika. Difor har landbruket i Årdal kommune eit relativt lite omfang. Likevel er det eit viktig og aktivt landbruk i deler av kommunen. Det er fleire bruk med sauehald i Naddvik og i Indre Offerdal. Landbruksarealet i kommunen er best eigna til å produsera grovfôr. I enkelte deler av kommunen er det og areal som kan nyttast til frukt- og bær dyrking.

#### PT-912 TAL DEKAR OG SØKERE MED DE ULIKE VEKSTGRUPPENE PR. 31.7

	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% -vis endring 2010-2016	
	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL Søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar
Grovfôr	1164	10	1034	10	1054	10	-110	0	-9,4	0
Korn	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Potet	2	1	2	1	0	0	-2	-1	100	100
Grønsaker	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Frukt og bær	28	1	14	1	14	1	-14	0	-50	-100

## Lærdal

Dei klimatiske forholda i dalen, gjer det godt eigna til å dyrka frukt, bær, potet og grønsaker. Dette gjev grunnlaget for at bøndene satsar på frukt- og grøntnæringa. I tillegg har kommunen eit aktivt husdyrmiljø med sauehald, mjølkeproduksjon (kyr og geit), gris og pelsdyr. Det meste av det dyrka arealet i Lærdal vert halde i god hevd. Lite nedbør fører til at det meste av arealet som vert nytta til jordbruksføremål, treng kunstig vatning for å få gode avlingar. Klimaet gjer òg at det er svært lite snø om vinteren. Dei klimatiske forholda og den lett drivne sandjorda me finn i store deler av Lærdal, gjev lærdalsbonden moglegheit til å starta våronna tidlegare enn elles i distriktet. Tidlegproduksjon av poteter og grønsaker har soleis eit betydeleg omfang.


### PT-912 ANTALL DEKAR OG SØKERE MED DE ULIKE VEKSTGRUPPENE PR. 1.7

	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% -vis endring 2010-2016	
	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar
Grovfôr	10507	93	10705	89	10713	85	+206	-8	+1,9	-8,6
Korn	341	8	110	3	97	2	-244	-6	-71,5	-75
Potet	897	31	898	31	806	25	-91	-6	-10,1	-19,3
Grønsaker	374	15	348	14	334	11	-40	-4	-10,6	-26,6
Frukt og bær	551	42	624	39	669	32	+118	-10	+21,4	-23,8

## Lærdal Grønt SA

Frukt- og grøntprodusentane i Lærdal slo seg saman og danna Lærdal Grønt SA i 1999. Denne samanslutninga er svært viktig for det aktive og utviklande *grøntmiljøet* i kommunen. Produksjon av frukt, bær, grønsaker og poteter har lange tradisjonar i Lærdal. Tabellen under syner den økonomiske utviklinga til Lærdal Grønt SA dei siste åra. Som det går fram av tabellen, vert det lagt opp til vidare auke i produksjon og omsetning. Hovudtyngda av medlemmane i Lærdal Grønt SA held til i Lærdal, men det er også medlemmar frå Årdal og Vik. I tillegg tek Lærdal Grønt imot industribær frå Leikanger og tidlegare også frå Aurland.

Omsetning 1999-2017 og prognose 2016-2020



## Aurland

Dei topografiske forholda i Aurland gjev landbruket eit anna preg enn i Årdal og Lærdal. Aurland har meir landbruk i dalsidene og i heller bratt terreng. Det meste av landbruket er basert på småfehald (sau og geit), der nær innmark og utmark er viktig for drifta på gardane. Det er og noko mjølkeproduksjon frå ku. Frukt- og bærdrking har ikkje stor utbreiing, sjølv om det er område i kommunen som er godt eigna til denne produksjonen. Produksjon av lokal mat, særleg osteproduksjon frå geit, har eit bra og viktig omfang i kommunen.

### PT-912 ANTALL DEKAR OG SØKERE MED DE ULIKE VEKSTGRUPPENE PR.31.7

	2010		2013		2016		Tal endring 2010-2016		% -vis endring 2010-2016	
	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar	TAL DEKAR	TAL søkiarar
Grovfôr	7460	66	7227	61	7048	57	-412	-9	-5,5	-13,6
Korn	24	1	0	0	11	1	-13	0	-54,1	0
Potet	29	4	27	4	8	1	-21	-3	-72,4	-75
Grønsaker	7	1	9	1	11	1	+4	0	+57,1	0
Frukt og bær	51	5	42	5	44	4	-7	-1	-13,7	-20



Geitost frå Undredal Foto: Anna Karine Marstein



## 4. Situasjonsanalyse

### 4.1 SWOT-analyse

I samband med arbeidet med landbruksplan, er det utarbeida SWOT-analyse i samarbeid med næringa sjølv. Formålet med ein slik analyse er å få ein betre oversikt over landbruksnæringa.

SWOT-analyse er ein metode for å identifisere og forstå kva som kan vera sterke og svake sider, kva som kan vere marknadsmessige moglegheiter og truslar. SWOT er ei forkorting for *strength* (styrke), *weakness* (svakheit), *opportunities* (mogelegheiter) og *threats* (truslar).

Metoden består av ein ekstern analyse (moglegheiter og truslar) på makronivå (økonomiske, teknologiske, juridiske, demografiske, politiske, sosiale og kulturelle forhold) og på aktørnivå kundar, konkurrentar, leverandørar og distributørar), og ein intern analyse (sterke og svake sider) der målet er å identifisere forhold som kan vidareutviklast til varige konkurransefortrinn og forhold som kan svekka konkurransevna.

(Kjelde: Store Norske Leksikon)

### 4.2 Resultat

#### Samandrag

Resultatet av analysen viser at næringa har gode føresetnader for å innfri målsetjingane i planen. Dei viktigaste faktorane i dette bilete er eit godt ressursgrunnlag, eit nært fagmiljø og solid kompetanse hjå brukarane. Analysen viser samtidig at næringa på fleire områder er sett under press utanfrå med store krav til omstilling. Planen legg difor opp til eit fleksibelt tilskotssystem.

#### Styrkar

- Reiseliv
- Verneområde
- Unike fjellbeite
- Utmarksressursar
- Godt fagmiljø
- Viktig lokalmatproduksjon
- Sterk eigedomsrett
- Kommunale fond
- Gode naturgjevne forhold
- God omstillingsevne
- Solid kompetanse, samarbeidsevne og godt samhald
- Godt omdøme og gode merkevarer

## Svakheiter

- Lite dyrka mark og usikkerheit med leigejord
- Små driftseiningar gjev mindre lønsemd – sårbarheit
- Lang veg til viktige marknader – få kundar lokalt
- Makta til kjedene er sterk og aukande
- Masseturisme som ikkje kjem landbruksnæringa til gode
- Sårbar infrastruktur

## Mogelegheiter

- Mange ressursar på landbrukseigedomane som kan utnyttast allsidig
- Ny teknologi og nye driftsformer
- Utnytta *Det grønne skifte* \*
- Gode klimatiske forhold kan utnyttast betre
- Økonomiske verkemiddel
- Reiselivet og utnytta trafikkstraumen
- Verneområde gjev eit kvalitetsstempel som kan utnyttast
- Epperspurnaden etter lokale og reine varer – marknad for lokalprodukt frå Sogn
- Utvikling av nye kvalitetsprodukt med utgangspunkt i dei ressursane vi har – merkevarebygging
- Samarbeid
- Oppleving og aktivitetar knytt til verdiane på landbrukseigedomar
- Levering av varer til Bergensområde

\* *Det grønne skifte* betyr generelt forandring i mer miljøvennlig retning. Kjelde: Store norske leksikon

## Truslar

- Manglande rekruttering til bondeyrke
- Små driftseiningar – nedbygging av dyrka mark
- Blir for små – sentralisering som utfordrar små driftseiningar
- Dei store kjedene ynskjer helst éin standard og stort volum
- Masseturisme og auka trafikk utfordrar infrastrukturen
- Klimautfordringar
- Endring i politiske føringar og rammevilkår fører til sentralisering og fråfall av tenester lokalt
- Dyre- og plantesjukdomar
- Mangel på regulering som fører til overproduksjon
- Aukande hjortebestand i kombinasjon med landbruksproduksjon
- Rovdyr i beiteområde
- Eigeomsretten – eigeomsoverdraging
- Attgroing
- Vanskeleg å rekruttera sesongarbeidskraft

Denne analysen er grunnlaget for utarbeiding av hovudsatsingsområda for planperioden.



*Sau og lam Foto: Magnhild Aspevik*



*Erdal Foto: Magnhild Aspevik*

## 5. Mål for landbruket

Næringa ynskjer at det i denne planperioden vert lagt opp til få og spissa målsetjingar, i staden for mange og lite presise mål.

### Overordna mål

- Ta vare på jordressursane (jord og areal)
- Auka lønsemd og verdiskaping innan landbruket i kommunane
  - Oppretthalda talet på produsentar
- *Det grønne skiftet* skal prega utviklinga av landbruksnæringa

### Mål for grønt næringa

- Auka verdien av eksisterande produksjonar
- Oppretthalda tal bruk
- Auka produksjon av frukt og bær

### Mål for husdyrhaldet

- Behalda vår del av produksjonen
- Sterkare kontroll av verdikjeda t.d. Sognalam
- Oppretthalda tal bruk
- Auka mjølkeproduksjonen
- Auka beitebruk

### Mål for tilleggsnæringar

Målet er å styrka det totale driftsgrunnlaget på landbrukseigedomane, ved t.d. å leggja til rette for auka verdiskaping knytt til jakt- og fiskeressursane, utnytta mogelegheitene innanfor reiselivet og eit auka fokus på profilering og bruk av lokal mat.

## 6. Prioriterte satsingsområde – verkemiddelbruk

I arbeidet med planen har næringa vore med å utarbeida framlegg til satsingsområde. Innspela er vurderte og innarbeidde i prioritering av satsingsområde.

**Verkemiddelapparatet må stimulera til samarbeidsprosjekt som kan koma fleire aktørar og næringa som heilskap til gode. Det må samstundes vera fleksibilitet i tilskotsordningane, slik at alle gode prosjekt som fremjar måla i planen kan støttast.**

Vilkår for å søkja om støtte til omtala tiltak er at det er **aktiv drift på landbrukseigedomen og at søkjar har rett på produksjonstillegg**. Det blir ikkje gjeve tilskot til tiltak som er starta opp.

Tiltak som legg til rette for eit meir miljøvenleg landbruk – «**det grønne skifte**» – skal prioriterast ved tildeling av tilskot.

Kommunane kan gje støtte til fylgjande **prioriterte satsingsområde (tiltak):**  
*-tilskot utrekna til under kr 5000 vert ikkje handsama*

<b>Tiltak</b>	<b>Tilskot</b>	<b>Vilkår</b>
Kjøp av <b>mjølkekvotar</b>	Inn til 30% av kostnad med kjøp av mjølkekvote.  Max 200 000 pr søknad	Utbetalt tilskot skal betalast attende dersom tilskotsmottakar sel kvoten innan 5 år frå kvoten vart kjøpt. Løyvd tilskot vert utbetalt når det ligg føre dokumentasjon på kjøpet.
<b>Mindre investeringar</b> –( ikkje vedlikehald)- på bygningar som vert nytta i gardsdrifta der kostnad er under 500 000 t.d husdyrrom, lager for frukt og bær	Inn til 30% av godkjend kostnad	Tiltak som mottek tilskot skal vere i tråd med offentleg krav og vilkår.
<b>Eigedomsoverdraging</b>	Inn til 30% tilskot til kostnad med overtaking av driftsapparatet (lausøyre og driftsbygning) i samband med ny eigar på gardsbruk. Maks sum pr. søkjar kr 50 000. Ordinga gjeld i inn til fem år etter overtakingsdato.	Støttmottakar må personleg bu- og driva eigedomen i minst 5 år for å få slik støtte.
<b>Nydyrking</b>	5000 pr daa for areal som har godkjend plan for nydyrking. <b><u>Eigen sats for Aurland:</u></b> 10 000 pr daa	Omsøkt areal må haldast i hevd med aktivt landbruk i minst 5 år.
<b>Landbruksvegar</b>	Inn til 20% tilskot av godkjend kostnad til landbruksvegar som skal nyttast til tilkomst til beite, eller uttak av skogsvirke. <b><u>Eigen sats for Lærdal:</u></b> min kr 10 000 maks kr 100 000	Vegklasse: 8 eller betre. Landbruksvegar som får statsstøtte har ikkje rett på kommunale midlar. For å få utbetalt løyvde midlar, skal det liggja føre godkjent rekneskap.
Dyrking av <b>frukt og bær</b>	Inn til 30% av kostnad til etablering av plantefelt	Auka verdiskaping på gardsbruket/driftseininga.
<b>Tilleggsnæring</b> –som til dømes oppleving, reiseliv, lokal mat	Vert handsama etter gjeldande reglar i kvar enkelt kommune	Auka verdiskaping på gardsbruket.
<b>Kompetanseheving</b> (Lærdal kommune har eigen ordning for slik støtte)	Inn til 50% av kostnad med kurs og anna kompetanseheving. Maks sum pr. søkjar kr 30 000	Det må liggja føre rapport og rekneskap før løyvde midlar vert utbetalt.
Omlegging til <b>Økologisk drift</b>	Kr 15 000 fyrste året av omleggingsperioden Kr 15 000 ved DEBIO-godkjenning	Drifta må vera DEBIO-godkjenning i minst 5 år. Elles kan tilskotet trekkast tilbake.

### Sakshandsaming:

Kvar kommune sine reglar (med mellom anna søknadsskjema, søknadsfristar og rutinar) for bruk av lokale midlar vert lagt til grunn for tildeling av støtte til landbruket. Løyvingar må vera innanfor fastsett budsjett i kvar kommune.

Dersom omsøkt tiltak krev løyve/godkjenning frå offentleg myndigheit, er søker sjølv ansvarleg for å ordna dette. Døme på slikt løyve er byggjeløyve, godkjenning av plan for nydyrking, godkjenning av landbruksveg.

Før søknad vert sendt inn, skal Felles Landbrukskontor ÅLA eller næringsapparatet i den aktuelle kommunen kontaktast.

## **7. Handlingsplan for Felles Landbrukskontor ÅLA**

Det skal utarbeidast handlingsplan for det arbeid som landbrukskontoret skal prioritera i fireårsperioden 2018-2021.

Handlingsplanen skal ha fylgjande fokus:

- Arealbruk – jordvern, driveplikt, nydyrking
- Rekruttering til landbruksnæringa
- Møteplassar i og med landbruksnæringa, og andre t.d. reiseliv
- Kompetanseheving og samhandling
- Rådgeving og informasjon



*Kyr på beite i Gudvangen*